



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 03.11.2022
Møtestad: Kommunestyresalen Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Marit Kristin Nese

Siren Bruvik Øvre Helland	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
038/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/2022	Godkjenning av møteprotokoll
040/2022	Referatsaker
041/2022	Orienteringssaker
042/2022	Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern
043/2022	Økonomirapportering pr 2. tertial 2022
044/2022	Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

Notat frå møtet:

Aventia ved Fredrik Lie-Helgesen presenterte kommune TV løysing for streaming av politiske møte

LVK orienterte om Inntektssystemutvalgets NOU 2022:10 og regjeringa sitt skatteforslag .

038/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

039/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

040/2022: Referatsaker

Behandling:

Det vart peika på kontrollutvalet sitt vedtak knytt til manglande varamedlem. Det vart oppmoda til å ta dialogen med aktuelle kandidater og legge opp til ei sak for å velgje inn nytt varamedlem i kontrollutvalet.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

041/2022: Orienteringssaker

Behandling:

- Ordførar la fram forslag om å nytte deler av dei første møta i kommunestyret i 2023 til temamøte, med fokus på:

- Barnevern og barnevernsreforma
- Klima og miljø.
- Ordfører orientert om synfaring med Vestland fylkeskommune om sikring og utbetringar knytt til fylkesvegen.
- Orientering om løysing for kommune-TV v/ Fredrik Lie-Helgesen frå Aventia.
Den tekniske løysinga og moglegheitene vart gjennomgått, og kommunestyret fekk svar på praktiske spørsmål knytt til dette.
- Orientering v/ Stein Erik Stinessen og Chirsti Erichsen Hurlen frå sekretariatet LVK om:
 - Inntektssystemutvalgets forslag, NOU 2022:10 om utjevning av kraftinntekter (høyringsfrist 22. desember).
 - Regjeringa sitt skatteforslag lagt fram 28.september.
I regjeringa sitt skatteforslag, er det foreslått å trekke inn om lag 3 milliarder kr i rammetilskotet frå vertskommunar av vannkraft grunna høge inntekter som desse kommunane har potensiale for å hente ut på sal av konsesjonskraft i 2023.
Rådmann og kommunestyret stilte spørsmål om korleis dette vil få innverknad på Modalen kommune og den avtalen kommunen har i noverande kommunestyreperiode med Modalen kraftlag. Stinessen kunne ikkje garantere at kommunen sin avtale med Modalen kraftlag er tilstrekkeleg juridisk bindane til å unngå trekk i rammetilskotet.
Kommunestyret ønskjer å delta på fellesmøte for kommunar knytt til LVK for å halde seg oppdatert om moglege endringar.
- Rådmann orienterte kort om:
 - Flyktningar som kjem i desember
 - Rekruttering av ny konsulent for kultur og fritid.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

042/2022: Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern

Behandling:

Rådmann og ass. rådmann orienterte nærare om samarbeidsavtalen og svarte på spørsmål knytt til kostnadsfordeling.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern

vert vedteken slik den ligg føre.

043/2022: Økonomirapportering pr 2. tertial 2022

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte nærare om 2. tertialrapport med status for rekneskapet for 2022.

Kommunestyret stilte spørsmål og fekk svar til fleire av rekneskapsposta og budsjettposta, mellom anna:

- kostnader knytt til vikarbruk ved Modalstunet
- auke i budsjetterte kostnader ved Modalstunet og bakgrunn for dette
- investeringskostnader og kostnader knytt til Flodmaal.

Kommunestyret bed om snarleg orientering i høve status vedr vikarbyråbruk, og evt tiltak for å redusere behov for bruk av vikarbyrå i pleie og omsorg.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Økonomirapporten pr 2. tertial 2022 vert teken til orientering med slike justeringar:

Justering av driftsbudsjettet:

Skatt/rammetilskot/e-skatt	-1 435 000	Auka inntekt
Kons.kraft	-3 850 000	Auka inntekt/Nettoløyinga til rådmannen/sentraladm reduserast
Netto finansutgift	270 100	Auke i avdragsutgift/renteutgift
Pleie og omsorg	3 000 000	Auka løyving til budsjettområdet
Sentrale postar	-1 145 000	Auka inntekt premieavvik/reduuerte småinvesteringar
Netto = Auke i avsetjing til disp.fond	-3 159 900	

Justering av investeringsbudsjettet:

Prosjekt:	Justering	
Nærings- og tenestesenter	1 350 000	
VA-tiltak av investeringsmessig karakter	-300 000	
Ventilasjonsanlegg Modalstunet	-700 000	
Turvegar	-100 000	
Sum	150 000	
Bruk av disposisjonsfond*	-250 000	
Totalt	0	

*Bruk av disposisjonsfond førast i driftsbudsjettet med tilsvarande beløp på post for overføring til investeringsbudsjettet. I investeringsbudsjettet førast tilsvarande beløp på post for overføring frå driftsbudsjettet.

044/2022: Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

Behandling:

Rådmann og ass.rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål. Sigrunn Almelid Birkeland presenterte endringsforslag i rekrutteringstiltaka for kommunestyret, og Ann Jorunn Farestveit ba om gruppemøte for å leggje inn alternativt framlegg til vedtak. Etter gruppemøte tok ordførar alternativt framlegg frå Håvard Engeseth opp til votering. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiar 2023- 2024» slik dei ligg føre, med desse endringane:

Pk 1. Slettast

Pk.7 Endrast til: Søkjarar som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning

PK 11. Endrast til: Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevant helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng, opplæringsutvalet avgjer kva som er relevant) skal ein få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.

PK 14. Endrast til: Tilsette som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).
